

SANDE

Gnr 53



Sandflukt

Som dei andre gardane i Randaberg har også Sande hatt busetnad i minst 1500 år. Det gamle innmarksområdet låg på eit eid mellom Sandebukta i vest og Randabergbukta i aust. Dette førde til at garden i større grad enn dei fleste var knytt til sjøen. Samstundes var desse lange sandstrendene ein fare for garden. Sandflukt heldt i gamal tid på å gravleggja heile utmarka. På fleire stader kunne dei finna feit torvmold under halvannan meter fin sand. Dette tilhøvet har prega store delar av gardshistoria, og gjeve garden navn.

Mange gravfunn


Også her er det gjort mange gravfunn. På ei strekning på omlag 100 meter er det funne fire gravhaugar og det er funne sverd, øksar, brot av sigd og slipesteinar. Berre ein av desse, Tøreshaug, viser i dag på toppen av ein liten fjellknaus. Denne er 20 meter lang og 6 meter brei. Haugen vart mykje tilrota då tyskarane under krigen hadde skytestilling der. I ein haug fant ein båtnaglar, noko som tyder på at det må ha vore sett ned ein båt i grava. Alle funna tyder på at det har vore busetnad her både i folkevandringstida og i mellomalderen.

Nausttuffer frå folkevandringstida


Ved Randabergbukta er det to nausttuffer frå folkevandringstida. Den største var 15 meter lang og 11 meter brei, noko som skulle tyda på at dei hadde store fartøy liggjande her. Den største måtte ha 16 roarar. Mellom dei to nausta vart det i 1932 pløgd opp to bautasteinar, den eine 3 ½ meter og den andre 2 1/2 meter høg.

Stor tilflytting, særleg frå Ryfylke

Folketalet på Sande var aldri høgt, og varierte etter gardsdelinga. Det var etter måten stor tilflytting, særleg frå Ryfylke. Husdyrhaldet gav både mat og gjødsel, og sjølvberging var hovudregelen. Sauehaldet hadde stor utvikling. Det syner seg at dei ikkje berre hadde sauer til mat og ull, men og for mjølka sin del. I 1907 var Sande den største sauegarden i bygda med 124 sauer, dobbelt so mange som på Ytre Bø. Potetproduksjon gav både mat og overskot til sal.



Bumerke tilhøyrande garden Sande



**Randaberg
kommune**